




Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes



2018 | 2019
TURISTVEGARBEIDET



Statens vegvesen

3	Forord
4	Reiselivsikonet Gjende 2019 - første byggetrinn fullført
6	Turistvegeanleggene 2018-2019
8	Helhetlige infosystemer i Ryfylke og på Jæren
9	Fra prosjektdirektiv 2004 til fornya bestilling 2019
10	Turistvegsatsinga på Vøringsfossen - steg for steg
12	Samarbeidsavtaler bidrar til god fremdrift i 2018 og 2019
14	Allmannajuvet - ny gruvesti gir komplett attraksjon
16	Økonomi og fremdrift
20	Nye idéer - Turistvegpulsen
22	Turistvegsatsingen og reiselivet



Omslag: Ostasteidn rasteplass ved Sandsfjordbrua i Suldal, Nasjonal turistveg Ryfylke. Byggherre: Statens vegvesen Region vest, i samarbeid med Turistvegseksjonen. Arkitekt: KAP Kontor for Arkitektur og Plan AS. Foto: Jarle Lunde.

FORORD

Første byggetrinn i utviklinga av reiselivskonet Vøringsfossen fekk si høgtidelege opning i starten av juli 2018. I juni 2019 er det første etappe på Gjende som skal markerast. Om planlegging, bygging og finansiering går som tenkt, vil dei to store attraksjonane vera fullført innan 2023, med nye servicebygg som siste byggetrinn.

Desse to nasjonale fyrtårna saman med attraksjonen Torghatten og Flye 1389, er dei fire største spleiselaga som må til for at attraksjonen Nasjonale turistveggar skal framstå som fullført innan 2023. Også på sju mindre tiltaksstader stiller ein regionalt og lokalt opp med midlar og anna innsats i 2018 og 2019. Den felles ambisjonen er at turistvegsatsinga skal medverka til styrka busetjing og næringsliv, ikkje minst i distrikta.

Turistvegsatsinga er eit kontinuerleg utviklingsarbeid med stor vekt på å gjera attraksjonen så interessant som mogeleg innanfor den økonomiske ramma i Nasjonal transportplan 2018 - 2029. Når vi tek fatt på 2019 jobbar vi med 41 planar som skal bidra til dette. Når målestokken er dei fem nyskapande tiltaka som blei opna i 2018, er dette ei utfordrande oppgåve for både byggherre, arkitektar, ingeniørar og entreprenør som på kvart sitt vis skal bidra til høg kvalitet i alle ledd.

Turistvegtiltaka vekker stor internasjonal og nasjonal interesse, noko som ikkje kjem av seg sjølv. Kommunikasjonsarbeidet handlar også om å få reiselivsnæringa og andre til å ta tak i sin del av jobben for å gi dei vegfarande god service og tilbod om opplevingar og aktivitetar.

Vegane må skina når turisten er der. Dette føreset god oppfølging av turistvegstoppa både frå turistvegapparatet og vegeigarane. Suksess kan også føre til auka behov for å forsterka enkelte rasteplassar og utsiktspunkt. Heilskaplege system for informasjonstavler med ein budskap som turistane les og treng er ei anna satsing, og i botnen av formidlinga ligg gode kart og ein solid fotobank. God forvaltning av strekningane i høve til ulike utbyggingstiltak krev også merksemd. Alt dette inngår i Turistvegseksjonen sitt daglege arbeid for å sikra at attraksjonen Nasjonale turistveggar alltid er aktuell og freistar både til besøk og gjensitt.

Vel kommen på dei nasjonale turistvegane til stadig nye opplevingar.



Jan Andresen
Seksjonsleiar
Statens vegvesen, Turistvegseksjonen



Øverst: Bryggehuset ved Gjende under bygging, februar 2019. Foto: Lage Bakken.

Over: Servicebygg med toalett ved ny parkeringsplass på Reinsvangen. Illustrasjon: Knut Hjeltne sivilarkitekter MNAL AS.

Gjende 2019 - første byggetrinn fullført

Gjende langs Nasjonal turistveg Valdresflye er ein av ti store attraksjonar som får eit solid løft gjennom turistvegsatsinga med bidrag frå Oppland fylkeskommune og Vågå kommune. Første etappe får si offisielle opning i juni 2019.


Etter to års arbeid sommar som vinter i høgjellet kan entreprenøren Brun bygg AS avslutta eit vel gjennomført arbeid. Ved inngangen til Jotunheimen nasjonalpark får Gjendebåten ny, solid brygge og eit funksjonelt lager med ei utforming som støttar opp om stemninga på staden. Utfartsparkeringa på Gjendeosen blir flytta til utvida parkeringsplass med toalett og sykkelparkering på Reinsvangen. Dei som har rettar i området kan parkera på Gjendeosen som før. Kanten av Gjendevatnet blir no ein portal til Jotunheimen nasjonalpark utan stor trafikk og parkeringsplassar, men med naturen tettare på.

Planen for fjellterminalen ved Gjende inneheld også nytt servicebygg med kafé, toalett og informasjon. Knut Hjeltnes Sivilarkitekter har teikningane for bygget klart. Det ligg såleis til rette for at andre etappe med terminalbygg og uteareal kan stå ferdig til turistsesongen i 2022, så sant nødvendig finansiering kjem på plass.

I vente på det nye servicebygget gir selskapet «Besseggen 1743» tilbodet til turistane i den gamle kafébygningen. Denne fekk eit løft med nye toalett og betra vatn- og straumtilgang til turistsesongen 2018. Selskapet driftar også parkeringa ved Reinsvangen med parkeringsautomatar og skyttelbuss som skal frakta dei besøkande fram til Gjendeosen kvar heile og halve time i den travlaste tida.



Fisking ved Gjendeosen. Foto: Roger Ellingsen.



1. Illustrasjon: Vardehaugen AS. 2. Foto: Fredrik Fløgstad. 3. Illustrasjon: Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS. 4. Illustrasjon: Lie Øyen Arkitekter AS. 5. Illustrasjon: Rever & Drage.

Turistveganleggene 2018-2019

Målet i Nasjonal transportplan 2018-2029 og oppfølgende budsjettproposisjoner fra Samferdselsdepartementet er at Nasjonale turistveger skal fremstå som en helhetlig attraksjon i løpet av 2023. I 2018 ble det gjennomført offisielle åpninger av fire rasteplasser i tillegg til første byggetrinn på reiselivskonet Vøringsfossen.

I 2019 åpnes første etappe på reiselivskonet Gjende. Ytterligere sju prosjekter er planlagt gjennomført i løpet av året og to andre skal startes opp. Arbeidet med trappebrua på Vøringsfossen og Flye 1389 på toppen av Valdresflye er i full gang og skal fullføres i 2020.

Jøl bru som ifølge planene skulle fullføres i 2019 er utsatt til 2020 i påvente av avklaringer i forhold til brokonstruksjonen, verneinteresser og skredfare.

FULLFØRT I 2018:

Bukkekerka, Andøya

Rast, toalett og sti
Arkitekt: Morfeus arkitekter

Ureddplassen, Helgelandskysten

Parkering, toalett og utsiktsterrasse
Arkitekt: Haugen / Zohar Arkitekter AS
Landskapsarkitekt: Landskapsfabrikken

Sandsfjorden/Ostasteidn, Ryfylke

Rasteplass med toalett
Arkitekt: KAP
Byggherre: Statens vegvesen, Region vest

Skreda rasteplass, Lofoten

Rasteplass med toalett
Arkitekt: manthey kula as

Vøringsfossen, Hardangervidda

Byggetrinn 1: Utsiktspunkt, parkering og toalett ved Fossli hotell
Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk

FULLFØRES I 2019:

3 Gjende, Valdresflye

Byggetrinn 1: Brygge og lager ved Gjende
Parkeringsplass med servicebygg og toalett på Reinsvengen
Arkitekt: Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS

4 Refnessanden

2 Borestrandå, Jæren

Toalett, parkering
Arkitekt: Lie Øyen Arkitekter

5 Farstadsanden, Atlanterhavsvegen

Toalett, parkering
Arkitekt: Rever & Drage

Grønsvik fort, Helgelandskysten

Rast og info i tilknytning til museum
Landskapsarkitekt: Inge Dahlman,
Landskapsfabrikken AS

1 Moskenes, Lofoten

Toalett, venterom og rast
Arkitekt: Vardehaugen AS

Høllesli, Ryfylke

Parkering og fotopunkt
Arkitekt: Lie Øyen arkitekter

Mortensneset, Varanger

Parkering og foredlingstiltak ved museum
Landskapsarkitekt: Inge Dahlman,
Landskapsfabrikken, AS

ANLEGG UNDER BYGGING SOM FULLFØRES ETTER 2019

Vøringsfossen, Hardangervidda

Byggetrinn 2: Gangbru over fossen, stiltiltak
Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk

Flye 1389, Valdresflye

Varmestue med kafe og toalett
Arkitekt: Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS

BYGGESTART 2019

Mefjordvær, Senja

Rast, toalett
Arkitekt: Tyin Tegnestue

Havøysund, Havøysund

Kunst i bygg
Kunstner: Roni Horn
Arkitekt: Jensen & Skodvin

Helhetlige infosystemer i Ryfylke og på Jæren

samarbeid med kommuner og reiselivsaktører vil det til sommersesongen 2019 bli plassert ut vel 40 informasjonstavler på utvalgte stoppunkt langs de nasjonale turistvegene i Ryfylke og på Jæren. Et tilsvarende tavleprosjekt ble gjennomført i Hardanger 2014.

Nasjonal turistveg Ryfylke er 260 km lang og involverer de fem kommunene Sauda Strand, Suldal, Hjelmeland og Forsand i tavleprosjektet. Nasjonal turistveg Jæren er 41 km lang og involverer kommunene Hå og Klepp.

Informasjonstavlene skal gi de reisende nyttig og relevant oversikt over severdigheter og aktiviteter i området, samt informasjon om Nasjonale turistveger med sine attraksjoner. Det vil også bli satt opp noen mindre tematavler som kan fortelle interessante historier, for eksempel om historiske hendelser og bygninger eller segner og naturfenomener.

Undersøkelser viser at 25-30 % av turistene oppsøker et informasjonspunkt og at de i gjennomsnitt bare bruker 1,5 minutt foran infotavlen. Mengden tekst per tavle er derfor holdt på et minimum, mens kart og bilder skal sørge for at informasjonen blir mest mulig visuell.

Informasjonstavlene bidrar til å profilere strekningen, minne turistene om at de er på en Nasjonal turistveg, ønske velkommen til området og forsterke reiseopplevelsen.



Kommunetavler: Hellandsbygd, Nasjonal turistveg Ryfylke. Odda, Nasjonal turistveg Hardanger. Illustrasjon Arkeoplan AS.

Frå prosjektdirektiv 2004 til fornya bestilling 2019

Vegdirektøren er attraksjonen Nasjonale turistvegar sin eigar og vedtok i januar 2019 sin nye bestilling til turistvegarbeidet. Prosjektdirektivet frå 2004 er dermed fornya og oppdatert.

Styringsdokumentet «Nasjonale turistvegar. Utvikling, drift, vedlikehald og forvaltning» er retningsgivande for dei mange aktørane som må gjera sitt for å gjennomføra og halda i hevd Nasjonale turistvegar og bruka attraksjonen som verkemiddel til auka verdiskaping.

Bestillinga har teke opp i seg dei erfaringane ein har fått gjennom femten år med målretta turistveginnsats. Det er også ei rekkje praktiske forhold som følgje av endra ansvarsfordeling, organisering, normalar, retningslinjer m.m. som har initiert ei slik fornying.

Etter forvaltningsreforma i 2010 blei om lag 3/4 av turistveglengda fylkesvegar. For å sikra god drift, vedlikehald, vidareutvikling og forvaltning av dei 18 turistvegane blei det utarbeidd strekningsvise avtalar som skal ivareta attraksjonen sin kvalitet. Avtalene som regulerer ansvarstilhøva mellom partane, blei signert av vegdirektøren (attraksjonseigaren), vegregionane (vegadministrasjon og vegeigar riksveg) og fylkeskommunane (vegeigar fylkesveg) i 2014.

Når regionreforma trår i kraft frå 2020 vil avtalane bli fornya som følgje av endra fylkesinndeling samtidig som fylkeskommunane tek over det operative ansvaret for fylkesvegane. Innhaldet i avtalane vil vera det same som i dagens avtalar og i Vegdirektøren si bestilling.

Statens vegvesen er også i endring. Når den nye organiseringa er på plass i 2020 er det føresett at styringsdokumentet blir justert i høve til ny forvaltningsstruktur og ansvarsdeling.



Torghatten, Nasjonal turistveg Helgelandskysten er en av de 10 store attraksjonene som omtales i Vegdirektørens direktiv fra 2019. Her forslag på terrengtrapp i det karakteristiske «hullet» i Torghatten. Illustrasjon: Østengen & Bergo AS Landskapsarkitekter MNLA.



Nordre utsikt ved Fossli, Vøringsfossen, Nasjonal turistveg Hardangervidda. Foto: Silja Lena Løken.



Brua ved Vøringsfossen. Illustrasjon: Carl Viggo Hølmekvakk AS Arkitektkontor.

Turistvegsatsinga på Vøringsfossen

Consolvo har signert kontrakten og våren 2019 vil bygginga av «Hølmebakkbrua» over elva Bjøroa oppstrøms den velkjente Vøringsfossen vera i gang. Fundamenteringa med tilhøyrande fjellsikring blei gjort allereie sommaren og hausten 2018.

Utviklinga av reiselivsikonet Vøringsfossen, langs Nasjonal turistveg Hardangervidda, skjer steg for steg og på ein slik måte at turistane og reiselivsnæringane får glede og nytte av etappane etter kvart som dei står ferdige. Første byggetrinn ved Fossli hotell, med sine utsiktsplattformer, stiar, trapper, gjerde, ny parkering og toalettbygg, blei fullført til turistsesongen 2018. I løpet av 2020 vil trappebrua vera den neste som er klar til bruk.

Trappebrua med ei spennvidde på 47 meter, høgdeforskjell på 16 meter og 99 trappetrinn er utbygginga sitt mest spektakulære element. Brua knyter saman Fossatromma og Fossli og blir ein del vandringa langs kanten av det mektige landskapsrommet ved inngangen til Måbødalen. Anlegget omfattar også nødvendige tilkomstar samt sikring og utbetring av den gamle kløvvegen til Fossli hotell.

Tredje etappe i foredlinga av reiselivsikonet er hovudutsiktspunktet mot Vøringsfossen med tilhøyrande stiar på Fossatromma. Her har ein nødvendige avtalar om tilgang til grunn som gjer at arbeidet kan gjennomførast innan 2021. Deretter kjem nytt toalett og sikring av kanten ved dagens kafé på Tromma, noko som først er aktuelt ved at det offentlege blir eigar av areala gjennom ein formell skjønnsprosess. Som femte trinn kan kafèbygget på Tromma bytast ut dersom finansieringa fell på plass. Målet for turistvegsatsinga er at alt dette skal vera fullført i løpet av 2023. Etter den tid kan det vera aktuelt også å få løfta kvaliteten på utsiktspunktet langs gamlevegen nedanfor Tromma dersom det ligg til rette for det.

Arkitekt: Carl Viggo Hølmebakk AS Arkitektkontor

Oversikt hovedplattformen ved Fossli med nedre del av Vøringsfossen. Foto: Norfilm as.





Flye 1389. Varmestue med kafe og toalett. Illustrasjon og modell: Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS.

Samarbeidsavtaler sikrer god framdrift

Turistvegarbeidet skal skje med forpliktende, økonomisk engasjement fra regionale og lokale aktører for å sikre oppgradering/gjennomføring av dei ti særskilte attraksjonene og andre tiltak med stor regional og lokal næringsverdi. Dette prinsippet er slått fast i Vegdirektørens bestilling. Det felles målet er å inspirere til økt besøk og styrke næringslivet i de berørte turistvegområdene.

Flerparten av de nye turistvegprosjektene som det arbeides med i 2018 og 2019 er spleiselag forankret i samarbeidsavtaler med kommuner og fylkeskommuner.

Samarbeidsavtalene har variert innhold, men felles for de fleste er at Statens vegvesen har ansvaret for og bekoster planleggingen og at kommunene sørger for vannforsyning og avløp der det ligger til rette for det. Statens vegvesen er byggherre med unntak av to tiltak på Jæren der kommunene har tatt på seg dette ansvaret. Det er også en forutsetning at kommunene eller fylkene som vegeier har ansvaret for drift og vedlikehold av toaletter, uteområder, parkeringsplasser og adkomster når anleggene står ferdig.

Til utviklingen av Vøringsfossen, Gjende, Flye 1389 og sju andre turistvegprosjekter stiller fylkeskommuner og kommuner opp med til sammen 71 mill. kr i 2018 og 2019. For alle bidragene foreligger det vedtatte tilsagn. Bidraget tilsvarer 1/6 del av den samlede turistvegsatsingen disse to årene.


Tiltak	Nasjonal turistveg	Kommune/fylkeskommune
Flye 1389	Valdresflye	Øystre Slidre/Oppland
Gjende	Valdresflye	Vågå/Oppland
Borestranda	Jæren	Klepp
Refnessanden	Jæren	Hå
Høllesli	Ryfylke	Forsand
Vøringsfossen	Hardangervidda	Eidfjord/Hordaland/Hardangerrådet
Farstadsanden	Atlanterhavsvegen	Fræna
Moskenes	Lofoten	- /Nordland
Havøysund	Havøysund	Måsøy
Mortensneset	Varanger	Nesseby




Moskenes. Toalett, venterom og rast. Illustrasjonsmodell: Vardehaugen AS.



Galleri- (t.h.) og kafebygget i turistveganlegget i Allmannajuvet. Foto: Fredrik Fløgstad.



Gruveåpninger ved sinkgruvene i Allmannajuvet. Foto: Ukjent, antatt å være fra rundt 1911.



Informasjonstavle ved parkeringen.



Allmannajuvet – ny gruvesti gir komplett attraksjon

Attaksjonen Allmannajuvet med sine tre bygninger, tegnet av den sveitsiske arkitekten Peter Zumthor ble åpnet i 2016. Zumthors bygninger er inspirert av Allmannajuvets gruvehistorie som pågikk fra 1881 til 1899 og en hyllest til arbeiderne som sleit seg gjennom fjellet for å vinne ut sink. Det arkitektoniske verket har fått stor internasjonal oppmerksomhet.

I 2018 ble galleriet, kafeen og toalettet supplert med en sti langs Storelva frem til gruveåpningene. Den 800 meter lange stien er restaurert med nye bruer og i den bratte fjellskråningen langs stien er det utført et omfattende sikringsarbeid mot steinsprang. Stien og gruvene kunne fra og med sesongen 2018 tas i bruk til turer for publikum ifølge med guide. Ved gruveåpningen får de som skal inn i gruvene utdelt hjelmer og lykter som oppbevares i ei bu også tegnet av Zumthor.

Sauda Ferie og Fritid arrangerer guidede turer tre ganger om dagen fra midten av juni til ut august. Interessen er stor og sesongen 2018 gikk nær 2000 personer opp til gruvene, fordelt på 200 turer. Besøket i kafeen var i samme periode på over 15.800 personer. Med dette gikk driftsvirksomheten i Allmannajuvet i balanse allerede første året med gruestien åpen.

Sauda kommune med bistand fra Turistvegseksjonen har hatt ansvaret for å fullføre anlegget med dyktige fagfolk i aksjon både på konstruksjoner og rassikring. Med gruestien på plass er Allmannajuvet en komplett attraksjon. Kombinasjonen av Zumthors arkitektur, landskapet og gruvehistorien har gitt området et nytt og spennende reiselivsprodukt og økt besøk.



Guidet tur på vei langs gruestien mot de gamle sinkgruvene. Foto: Per Ritzler.



Gjenstander fra gruvene utstilt i galleriet. Foto: Harald Christian Eiken, Video & Multimediaproduksjon.
12 000 tonn sinkmalm ble fraktet i vogn på smale skinner ut fra gruvene. Foto Fredrik Fløgstad.



Økonomi og framdrift

Utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistveggar starta opp i 1994 etter eit initiativ frå Stortinget om å sjå nærare på kombinasjonen veg og reiseliv. På bakgrunn av erfaringane frå eit prøveprosjekt ga Stortinget i 1998 Statens vegvesen klarsignal til å vidareføra arbeidet. Satsinga er sidan følgt opp av Regjeringa og Stortinget gjennom mange generasjonar Nasjonale transportplanar og dei årlege statsbudsjetta for Samferdselsdepartementet.

I 2012 blei dei 18 strekningane med ei lengde på 1991 km skilta som Nasjonale turistveggar sjølv om ein var knapt halvveges i satsinga. Etter den tid er lengda auka til 2151 km som følgje av justering av Nasjonal turistveg Ryfylke og turistvegstatus på elleve avstikkerar.

I satsinga inngår ei gjennomgripande opprusting og kvalitetsheving av i alt ti særskilte attraksjonar langs turistvegane. Dei fleste av desse har gjennom mange år vore nytta som fyrtearn i marknadsføringa av det norske reiselivsproduktet til tross for stor slitasje, mangelfull tilrettelegging og dårleg tryggleik.

Turistvegsatsinga er eit kontinuerleg utviklingsarbeid der det blir lagt stor vekt på å justere det totale konseptet for å kunna tilby ein så interessant attraksjon som mogeleg innanfor den økonomiske ramma i Nasjonal transportplan 2018 - 2029. Dette har betydning for kva slags og kor mange tiltak som vil vera gjennomført i 2023 og 2029.

Status ved inngangen til seksårsperioden 2018 - 2023, er at det skal fullførast 49 nye tiltak innan 2023, alt frå reiselivsikonet Vøringsfossen til fuglekikkarskjul og små fotostopp. Seks av desse blei gjennomført i 2018. I vidareutviklinga av attraksjonen 2024 - 2029 inngår 40 attståande tiltak, medrekna den siste av dei særskilte attraksjonane.

10 SÆRSKILTE ATTRAKSJONAR

NASJONAL TURISTVEGFYLKEFULLFØRT ÅR

Gudbrandsjuvet	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2010
Steilneset	Varanger	Finnmark	2011
Trollstigen	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2012
Steinsdalsfossen	Hardanger	Hordaland	2014
Eldhusøya	Atlantehavsvegen	Møre og Romsdal	2014
Allmannajuvet	Ryfylke	Rogaland	2016
Vøringsfossen	Hardangervidda	Hordaland	2023
Gjende	Valdresflye	Oppland	2023
Torghatten	Helgelandskysten	Nordland	2023
Låtefossen	Hardanger	Hordaland	2025

RESSUR SINNSATS FOR GOD TURISTVEGKVALITET I 2023 OG FULLFØRT PROGRAM INNAN 2029 (MILL. 2019 KR)

	1994-2013	2014-2017	2018-2023	2024-2029	1994-2029 SUM
Nasjonale turistveggar	1750	700	1010	580	4040
Andre	200	100	170	60	530
Sum	1950	800	1180	640	4570

PLANLAGT FRAMDRIFT 1994 - 2023 - 2029


Strekning	Lengde (km)	NT-midler 1994-2029 (mill. 2019 kr)	Investert til og med 2017 (grå) og 2023 (grønn) i prosent av 1994-2029
Rondane	75	109	
Valdresflye	49	277	
Jæren	41	72	
Ryfylke	267	420	
Hardangervidda	165	500	
Hardanger	67	332	
Aurlandsfjellet	47	95	
Gaularfjellet	108	167	
Sognefjellet	114	107	
Gamle Strynefjellsvegen	27	78	
Atlantehavsvegen	36	195	
Geiranger - Trollstigen	104	611	
Helgelandskysten	434	345	
Lofoten	230	215	
Andøya	58	65	
Senja	102	97	
Havøysund	67	90	
Varanger	160	265	
	2151	4040	

UTVIKLING AV INNHALDET PÅ TURISTVEGSTREKNINGANE

Type tiltak	Fullførte prosjekt ved utgangen av			
	2013	2017	2023	2029
Store attraksjonar	3	6	9	10
Rasteplassar/utsiktspunkt	78	86	117	146
Kunstverk i regi av NT	3	6	10	15
Tiltak ved bedrifter, opplevingar, tettstader og ferjeleie	36	43	54	59
Sum	120	141	190	230

Fornyngar og vidareutvikling av gjennomførte tiltak kjem i tillegg og vil krevja stadig meir ressursar. Tap av turistvegkvalitet som følgje av andre utbyggingstiltak, omsynet til villreinforvaltninga som på Hardangervidda og andre forhold vil kunna føra til at etablerte tiltaks punkt må sanerast og at planlagde tiltak kan gå ut. Statistikken vil derfor kunna bli justert frå år til år.

TURISTVEGOMSETNINGA 2006 - 2013 OG 2014 - 2019 (2019-KRONER)



Midlar frå andre til og med 2013 er i stor grad knytt til dei store attraksjonane Gudbrandsjuvet, Trollstigen, Steinsdalsfossen, Eldhusøya og Allmannajuvet. I dei seks åra 2014 - 2019 utgjer innsatsen frå andre 181 mill.kr. (2019-kroner). Dei største tilskotta er bidraga til attraksjonane Vøringsfossen og Gjende og til gjennomføring av Ostasteidn (Ryfylke), Skjervsfossen (Hardanger) og Flye 1389 (Valdresflye). Omsetjinga blei lågare i 2017 enn føresettt som følgje av utsett grunnverv og forsinka oppstart av nye tiltak.

TURISTVEGSATSINGA 1994 - 2017 - 2023 - 2029. FYLKESFORDELING (2019 KRONER)

Fylke	Lengde km	1994-2017 mill.kr	2018-2023 mill.kr	2024-2029 mill.kr.	1994-2029 mill.kr.
Hedmark	69	55	20	30	105
Oppland	127	103	245	33	380
Rogaland	280	347	94	42	483
Hordaland	242	361	352	126	838
Buskerud	18	0	3	6	9
Sogn og Fjordane	227	202	60	83	345
Møre og Romsdal	137	678	29	98	806
Nordland	722	364	188	73	626
Troms	102	51	24	23	97
Finnmark	227	250	49	56	355
Sum	2151	2410	1060	565	4040

Den store satsinga i Møre og Romsdal og Hordaland heng saman med at desse fylka har 6 av dei 10 særskilte attraksjonane. Dei fire siste er i Oppland, Rogaland, Nordland og Finnmark. Nordland er det fylket som har flest km turistveg.

NASJONALE TURISTVEG - STREKNINGAR OG LENGDER

Namn	Nasjonal turistveg	Lengde (km)
Rondane	Venabygdsfjellet - Enden - Follidal - Sollia kirke - Enden	75
Valdresflye	Garli - Hindsæter med avstikkar til Gjende	49
Jæren	Ogna - Bore	41
Ryfylke	Oanes - Lovraeidet - Hårå med avstikkar til Sand	
	Lovraeidet - Sauda - Hordalia med veg til Ropeid	267
Hardanger	Granvin - Steinsdalsfossen og gamlevegen gjennom Skjervet	
	Norheimsund - Tørrvikbygd, Jondal - Utne, Kinsarvik - Låtefoss	165
Hardangervidda	Eidfjord - Haugastøl	67
Aurlandsfjellet	Aurlandsvangen - Lærdalsøyri	47
Sognefjellet	Lom - Gaupne	108
Gaularfjellet	Balestrand - Eldalsosen - Moskog, Eldalsosen - Sande	114
Gamle Strynefjellsvegen	Grotli - Videsæter	27
Atlantehavsvegen	Kårvåg - Bud	36
Geiranger - Trollstigen	Langevatn - Sogge bru	104
Helgelandskysten	Holm - Godøystraumen med avstikkar til Torghatten	434
Lofoten	Å - Raftsundet med avstikkarar til Nusfjord, Vikten, Utakleiv, Unstad, Eggum og Henningsver	230
Andøya	Bjørnskinn - Andenes	58
Senja	Gryllefjord - Botnhamn med avstikkar til Mefjordver og Husøya	102
Havøysund	Kokelv - Havøysund	67
Varanger	Varangerbotn - Hamningberg	160
Sum		2151

Av den totale lengda på 2151 km er 613 km riksveg og 1538 km fylkesveg.

DISPONERING AV TURISTVEGLØYVINGA

	2018	2019
Sum fellesutgifter	21,2	22,3
Turistvegseksjonen	18,6	17,9
Rådgiving, kvalitetssikring, profilering	2,6	4,4
Sum tiltak på strekningane	158,8	147,7
Planlegging og anlegg nye prosjekt	138,0	121,4
Turistveginformasjon og utstyr	4,8	5,5
Fornyning av eks. stopp	15,3	19,8
Planbistand til andre aktørar	0,7	1,0
Løyving	180	170

Fellesutgiftene utgjer om lag 13 % av den årlege løyvinga. Fornyning av eksisterande stopp er ein post som er nødvendig for å halda oppe kvaliteten på turistattraksjonen Nasjonale turistvegane etter kvart som tida går og stadig fleire anlegg står ferdig og treng oppfølging.



*Øverst: Domen, Varanger.
Illustrasjon: Biotope.*

*Over og til høyre: Hestad kapell,
Gaularfjellet.
Illustrasjon: Fortunen arkitekter.*





Nye idéer - Turistvegpulsen

Arkitektur i natur er turistveggenes særpreg. Programmet for stedene skal løses på en enestående måte enten det er et lite stoppested eller en stor attraksjon. Ved årsskiftet 2018/2019 blir det arbeidet med ideskisser for 29 nye turistvegprosjekter.

Kravene til kvalitet og nyskaping er høge. De engasjerte formgiverne må sammen med byggherre og seksjonens arkitekturråd anstrenge seg til det ytterste for å bidra med noe nyskapende selv om programmet er satt og budsjettet er begrenset. Det dreier seg om en bevisst holdning til forholdet mellom det bygde og det som er naturgitt, til arkitektonisk form, materialbruk, detaljer og kostnader. Oppgaven har ikke blitt enklere når målestokken er det som allerede er tegnet og bygd.

Ideskisser under arbeid ved årsskiftet 2018/2019:

Rondane - Muen

Valdresflye - Sjodalsvatnet

Jæren - Hårr, Brusanden, Madland hamn

Ryfylke - Helganeset, Kvelven, Hylsskaret, Flesefossen

Hardangervidda - Måbø bru, Måbu Gard, Fossatromma/Vøringsfossen

Hardanger - Tyrvefjóra

Aurlandsfjellet - Sluppen, Røyernes

Gaularfjellet- Hestad kapell, Eikelandsfossen, Grønlund

Sognefjellet - Oscarshaug

Atlantehavsvegen - Skarvøya

Helgelandskysten - Sjonfjellet, Torghatten, Sundshopen, Trælvikosen, Knøskholmen

Lofoten - Brunstranda

Havøysund - kunst

Varanger- Domen, Hamningberg toalett

Hestad kapell, Gaularfjellet. Rast, toalett, informasjon og adkomst.

Hestad kapell fra 1805 ligger vakkert til i et gammelt kulturlandskap på en landtunge i Viksdalsvatnet. Området er fredet som landskapsvernområde.

Fortunen arkitekter har formgitt stedet der en bevisst plassering av funksjoner gjør det enkelt å orientere seg i knutepunktet mellom parkering, toalett, rasteplass og stier. Rasteplassen er lavmælt og stemningsfullt plassert i en bjørkelund. Vandringsen mot kapellet skal skje på en tydelig men tradisjonell og enkel skogsti. En beskjeden trerampe ut i Viksdalsvatnet vil gi mulighet for å oppleve det vakre landskapet på en ny måte. Arkitektens utfordring i det videre arbeide er å sikre at det trekledte toalettbygget og tekniske løsninger tåler den årlige vårflommen.

Domen, Varanger. Rast, adkomst og utsikt

Varanger er en av verdens mest ettertraktede områder for å skue arktisk fugl. På Domen, en høyde rett før Vardø langs Nasjonal turistveg Varanger blir det lagt til rette for fugletitting i regi av turistvegsatsingen og med Biotope som engasjert arkitekt. En kort spasertur fra parkeringsplassen fører fram til en høgde mot kanten av fjellet til et tredelt, sammenkoblet fugleskjul i glass og hvit malt tre. En grundig analyse av lokalklima, økologi og biologi ligger til grunn for formgivning. Uansett vindretning kan man her finne sitteplass i le og en sterk opplevelse av fuglelivet med utsyn mot fjæresteinene, horisonten og Vardø by.

Turistvegsatsingen og reiselivet

Turister valfarter til Norge for å oppleve unik natur. Reisene går gjerne langs norske veier, som er smale, med og uten svinger, som klatrer over åser og fjell, klamrer seg til steile skrenter og går gjennom dalsøkk og under tordnende fossefall. Langs norske veier får både vi som bor her og turister som kommer hit, en unik nærkontakt med norsk natur og opplevelsene i den.

Vi i Innovasjon Norge har pekt ut en klar retning for profileringen av norsk reiseliv framover, med et mål om å skape trafikk i hele Norge, hele året. Slik det er i dag kan kun et fåtall steder i Norge skille med fulle hus i løpet av året - og gjerne kun i løpet av noen få sommeruker. For å skape en levedyktig og sterk reiselivsnæring landet over, ønsker vi å spre trafikken gjennom hele året.

For å nå gjennom i dagens budskapsjungel til fremtidens turister må vi fortelle nye historier til nye målgrupper. Her er Nasjonale Turistveger en solid kilde til nettopp slike historier, mye takket være den unike miksen av natur og kultur - og særlig arkitektur. Gjennom turistvegattraksjonen får norsk natur og arkitektur, design og kunst vise seg fra sine beste sider.


Gjennom vår årlige Turistundersøkelse vet vi at turister fra utlandet først og fremst har som mål å oppleve naturen. De vil også ha det moro, oppleve fjordene og fjellene. De vil dra på sightseeing og de vil lade batteriene. Nasjonale Turistveger leverer på alt dette. Med vegstreknningene som utgangspunkt kan man oppleve alt det man ønsker å få ut av en ferie i Norge, inkludert naturopplevelser og aktiviteter som vandring, sykling, fiske, fuglekikking, kultur- og matopplevelser. Opplevelser som sammen med design og arkitektur langs strekningene ofte blir behørig dokumentert i sosiale medier. Det gir oss mye verdifull og viktig drahjelp i profilering av Norge.

Naturen er og vil alltid være basisen når vi skal «selge» Norge - og det er naturlig for oss å fortsette å løfte fram Nasjonale Turistveger som opplevelser turister i Norge bør få med seg. Gjennom mange år har vi i samarbeid arrangert presseturer for journalister fra hele verden, og Nasjonale Turistveger bidrar dessuten til etterspurt innhold i våre kanaler på VisitNorway.



Samarbeidet vårt er mer aktuelt enn noensinne. For kunst og kultur - herunder arkitektur - blir stadig viktigere i de nye historiene vi forteller om reisemålet Norge til nye målgrupper, verden over.

*Bente Bratland Holm
Direktør Reiseliv
Innovasjon Norge*



HAVØYSUND

VARANGER

SENJA

ANDØYA

LOFOTEN

HELGELANDS-
KYSTEN

ATLANTERHAVS-
VEGEN

GEIRANGER-
TROLLSTIGEN

GAMLE STRYNEFJELLS-
VEGEN

GAULAR-
FJELLET

AURLANDSFJELLET

HARDANGER

RYFYLKE

JÆREN

RONDANE

SOGNEFJELLET

VALDRESFLYE

HARDANGERVIDDA



Nasjonale turistveger
Norwegian Scenic Routes

19-017 visuell kommunikasjon@vegvesen.no Oppslag: 1500



Statens vegvesen